

STATUTTER

for Stiftelsen Lyefjell Gåvefond

1. Stiftelsens namn er «Stiftelsen Lyefjell Gåvefond». Namnet er endra frå «Stiftelsen Lyefjell avlastningsheim» ved omdanning etter stiftelseslova kap. 6, med verknad frå den dagen Stiftelsestilsynet har vedtatt endringa. Bakgrunnen for omdanninga er at Klepp og Time kommunar vil løyse behovet for avlastning på annan måte enn ved bruk av Lyefjell avlastningsheim, og at det derfor ikkje lenger er behov for Lyefjell avlastningsheim.
2. Stiftelsen sitt formål er å dele ut midlar til einskild eller grupper av personar med psykisk utviklingshemning heimehøyrande i Klepp eller Time kommunar. Midla skal brukast til einskilde tiltak som aukar livskvaliteten til målgruppa. Tiltak som gjeld fleire innan gruppa blir prioriterte. Midlane kan ikkje delast ut til tiltak som kommunane eller andre offentlege instansar har ansvar for å ivareta. Midlane kan delast ut til ekstratiltak innanfor dei tenestene som kommunane eller andre offentlege instansar yter.

Institusjonar, enkeltpersonar, grupper og lag kan søke om tildeling.

Avkastning og inntil 10 % av stiftelsens midlar kan kvart år delast ut etter formålet. Utdelinga skal skje ein gong kvart år.


Dersom det ikkje er ikkje er midlar i stiftelsen ut over grunnkapitalen, skal styret ta stilling til om stiftelsen bør oppløysast.

3. Stiftelsens grunnkapital er kr 602.000 som er stilt til disposisjon for stiftelsen av Klepp og Time kommune med ein halvdel kvar.
4. Stiftelsen skal ha eit styre på 3 medlemmer med personlege varamedlemer. Klepp og Time kommunestyre nemner opp eit medlem kvar med varamedlem. Det tredje medlemmet med personleg varamedlem, skal representere brukarane sine interesseorganisasjonar. Oppnemninga blir gjort av Norsk Forbund for Utviklingshemmede (NFU), lokallaga Klepp og Time i lag.
5. Funksjonstida for medlemmer med varamedlemer valt av kommunane følgjer den kommunale valperioden. Styremedlem med varamedlem frå NFU har funksjonstid i fire år med nyval midt i den kommunale valperioden.
6. Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmene er til stades, herav minst ein fast representant.
7. Styreleder eller to styremedlemmer i fellesskap representerer stiftelsen utad. Styret kan i vedtak gi eit styremedlem rett til å representere stiftelsen utad. Styret kan når som helst kalle fullmakta tilbake.


HR *LM* *RS*

8. Styret bestemmer korleis stiftelsens midlar skal plasserast. Midlane skal forvaltast på ein forsvarleg måte, slik at det til kvar tid er tatt omsyn til sikkerheit og til at ein skal oppnå tilfredsstillande avkastning for å ivareta formålet til stiftelsen.
9. Styret fastsetter årlig godtgjersle til styremedlemmene. Godtgjersla skal stå i rimelig forhold til det arbeid og ansvar som følgjer vervet. Stiftelsestilsynet kan sette ned godtgjersle som er urimelig høy.
10. Årsmelding og årsrekneskap skal kvart år sendast til dei som etter gjeldande reglar har krav på det, og dessutan til deltakarkommunane og til NFU.
11. Rekneskapet skal vera revidert av offentleg godkjent revisor.
12. Vedtektsendringar og vedtak om omdanning av stiftelsen treng 2/3 fleirtal av styret. Vedtektene, endring av vedtektene og eventuell oppløysing av stiftelsen skal godkjennast av deltakarkommunane.

Bryne, 11. februar 2015



Petter L. Stabel, styreleder



Ivar Undheim, styremedlem



Anne Kristine Røthing, styremedlem